
Saksnr: 2020/70007-6
Saksbehandlar: Jostein Fjærestad

Saksgang

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
|---------------|-------------|------------|
| Fylkesutvalet | | 10.12.2020 |
| Fylkestinget | | 15.12.2020 |

Bussanlegg Askøy - Avtale med Askøy kommune om byte av tomt

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget godkjenner sal av tomt på Skarholmen til Askøy kommune for innhenta takst på om lag 6,5 mill. kroner.
2. Salssummen vert avsett på disposisjonsfond øymerkt kjøp av ny tomt til bussanlegg i nærleiken av Haugland som Askøy kommune skal skaffe til veie. Fylkestinget føreset at den nye tomta ikkje skal gje VLFK meirkostnader samanlikna med etablering av eit bussanlegg på Skarholmen.
3. Fylkestinget godkjenner elles vedlagte samarbeidsavtale mellom Vestland fylkeskommune og Askøy kommune knytt til byte av tomt for framtidig bussanlegg på Askøy.
4. Fylkesrådmannen får fullmakt til å signere samarbeidsavtalen og avtalar som er ei oppfølging av samarbeidsavtalen.

Samandrag

Fylkeskommunen leiger i dag eit bussanlegg på Haugland på Askøy av Askøy kommune. Då kommunen på sikt har planlagt annan bruk av denne eigedomen, erverva fylkeskommunen for ein del år tilbake ei tomt på Skarholmen like ved Askøybrua til eit framtidig bussanlegg.

Det har i den seinare tid kome fram at Askøy kommune har behov for å etablera eit reinseanlegg på Skarholmen. Askøy kommune og VLFK har i samarbeid kome fram til at det beste alternativet for begge partar er at Askøy kommune overtar tomta på Skarholmen, og at Askøy skaffar ei ny tomt til bussanlegg i nærleiken av Haugland.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør organisasjon og økonomi

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Samarbeidsavtale
med vedlegg

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kollektivtilbodet i Øygarden og Askøy kommune nyttar i dag to bussanlegg. VLFK eig det største bussanlegget som er på Straume gjennom selskapet HFK Bussanlegg Straume AS, som har både verkstad, vaskeanlegg, garderober og bussoppstilling. VLFK v/selskapet leiger bussanlegget på Haugland i Askøy kommune. Dette anlegget er eit satellittanlegg og har vaskeanlegg, garderober og bussoppstilling. Anlegget er leigd frå Haugland Næringspark AS som er eigd av Askøy kommune. Eksisterande leigeavtale for bussanlegget på Haugland som går ut 25.06.2021, er forlenga fram til 25.06.2030 med moglegheit for oppseiing for begge paratar.

Då bussanlegget på Haugland er planlagt brukt til anna næring/bustad på sikt, er det naudsynt å etablere eit nytt bussanlegg på Askøy. Fylkeskommunen erverva derfor for ein del år tilbake ei tomt på Skarholmen like ved Askøybrua. Under oppstart av reguleringsprosessen for tomta vart det klart at Askøy kommune hadde behov for å etablere eit reinseanlegg på den same tomta. Det blei gjennomført utgreiingar om det var mogleg for Askøy kommune å etablere eit reinseanlegg for avlaupsvatn saman med nytt bussanlegg på Skarholmen. Tomta var i utgangspunktet fullt ut utnytta til bussanlegg, så kombinasjonen med eit reinseanlegg ville krevje bygging i fleire plan og blei dermed ei svært kostbar løysing.

Grunnlag for avtalen

Sidan den kombinerte løysinga på Skarholmen blei kostbar og krevjande, blei alternative moglegheiter utgreidd. Askøy kommune og VLFK har i samarbeid kome fram til at eit betre alternativ for begge paratar er at Askøy kommune overtar tomta på Skarholmen og at Askøy kommune skaffar ei ny tomt til bussanlegg i nærleiken av det eksisterande leigde anlegget på Haugland. Dette gjev plass og lågare kostnader for reinseanlegget på Skarholmen, og VLFK får eit bussanlegg som er meir optimalt plassert og vil dermed redusere tomkøyning.

Dei fleste bussruter startar og sluttar i ytre delar av Askøy. Ved å plassere eit bussanlegg i nærleiken av Haugland, vil ein kunne redusere tomkøyning både for bussruter på aust- og vestsida av Askøy samanlikna med tomta på Skarholmen. Satellittanlegget på Askøy skal berre huse bussar knytt til ruter frå Askøy, så nærleik til Askøybrua er ikkje viktig.

Prinsippa i avtalen er at Askøy kommune kjøper den delen av tomta til VLFK som skulle nyttast til bussanlegg (nord for Skarholmvegen). Vidare så skal Askøy kommune skaffa ei ny tomt til bussanlegg i nærleiken av Haugland som VLFK kjøper. Askøy kommune har ansvar for at den nye tomta ikkje skal gje VLFK meirkostnader samanlikna med etablering av eit bussanlegg på Skarholmen. Inntil ny tomt er gjort tilgjengeleg, pluss 5 år for regulering og utbygging, skal VLFK kunne nytta anlegget på Haugland. Partane kan dessutan når som helst verte einige om at VLFK kjøper bussanlegget som VLFK leiger på Haugland for permanent etablering av bussanlegg der.

Vedtakskompetanse

Fylkestinget har vedtakskompetanse då avtalen inkluderer sal av tomt for meir enn 5 mill. kr og framtidig investering i ny tomt.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Tomta på Skarholmen blir seld frå VLFK til Askøy kommune for omlag 6,5 mill. kroner. Salssummen er basert på middelet av to takstar innhenta av partane. Tomt som Askøy kommune skaffar til VLFK i nærleiken av Haugland blir kjøpt av VLFK for takst - basert på middelet av takstar utarbeidd av partane. Askøy kommune har ansvaret for at den nye tomta ikkje skal gje VLFK meirkostnader samanlikna med etablering av eit bussanlegg på Skarholmen. Samla vil ikkje avtalen gje VLFK meirkostnader samanlikna med det planlagde bussanlegget på Skarholmen. Ved å plassere det nye bussanlegget på Haugland, så vil tomkøyning bli redusert og dermed vert det noko lågare driftskostnader for kollektivtilbodet på Askøy.

Klima: Redusert tomkøyning gjev ein klimagevinst.

Folkehelse: Ikkje relevant.

Regional planstrategi: Ikkje relevant.

Konklusjon

Den framforhandla samarbeidsavtalen gjev ei god løysing for både Askøy kommune og VLFK. Avtalen sikrar òg VLFK eit framtidig bussanlegg på Askøy på ein god lokasjon.

Fylkesrådmannen rår derfor til at den vedlagte samarbeidsavtalen vert godkjent og at fylkesrådmannen får fullmakt til å signere samarbeidsavtalen og avtalar som er ei oppfølging av samarbeidsavtalen.